

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 35/2003

Møtedato: 16.6.03

Arkiv nr: F 405

F 405, GRØNSENN - VEGBYGGING

Festaren søkte i 2000 om å få flytte hytta og leggje veg over stølsjordet til S 996 (Riste) og fjellstyret gjorde følgjande vedtak:

Fjellstyret finn å tilrå at festaren får flytte hyttetomta slik omsøkt, men ein kan ikkje tilrå at det blir laga veg over stølsutmålinga S 996. Dersom det er ynskje om veg, kan fjellstyret tilrå ny hytteplassering ned for Ramberg (F 192).

Statskog skriv i brev datert 28.11.02 følgjande:

Vestre Slidre statsallmenning. Feste 0543/94/1/405 Sissel Haugen og Gjermund Før - flytting av hytte på Grønnsenn - vegbygging.

Jeg viser til befarung med Harald Ranum 04.10. i år der vi fant ut at det var opparbeidet veg som kunne kjøres med bil ned til nye hytta. Vi snakket også med Gjermund Før som mente at det var gitt tillatelse til en slik midlertidig veg som de hadde tenkt å så til etter at hyttebyggingen var ferdig.

Vegen går over støl 996 (Erik Riste) og det er foretatt en del gravearbeid og oppfylling slik at det på en del av vegen blir en skråning på nedsiden.

I brev 29.08.01 uttaler festerne at i byggeperioden vil bygningsmaterialer måtte bli kjørt fram til tomte med traktor og anleggsmaskin vil bruke eksisterende trase som tidligere er kjørt med traktor.

I fjellstyrets vedtak i sak 47/00 og i vårt brev 18.10.00 gav vi avslag på veg. I fylkesmannens brev til V. Slidre kommune 14.11.01 bemerkes det også at søknaden om veg fram til hytta er trekt.

Vanligvis har vi fra grunneiers side godkjent bilveg fram til hytter når alle berørte parter er enige.

Det er vel uheldig med en adkomstveg over stølsvollen. Skulle stølen ha falt i det fri er vel dette et mindre problem.

Vi ber opplyst om fjellstyret mener det er nok med tilsåing slik festerne ønsker. Vegen kan vel da fortsatt brukes når det er behov for det. Alternativet er vel at vegen beholdes og eventuelt kombineres med adkomst til Grønnsennvatnet? Eller bør vegen planeres slik at terrenget blir som før og tilsåes?

I sak 10/03 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret utsett behandlinga til ein har sett på saka under befarung den 16.6.03.

Fjellstyret såg på saka saman med Gjermund Før og Statskog under befarung den 16.6.03.

Festaren meinte han hadde fått løyve til å laga ein anleggsveg i byggjetida. Han var klar over at det ikkje var vegrett til hytta. Vegen hadde han ikkje meint å bruke etter byggeperioden. Han hadde meinte å så til vegen etter han var ferdig med bygginga.

Det vart vurdert om vegen kunne tillatast, om vegen skulle såast til og om terrenget kunne planerast tilbake til utgangspunktet. Ein fann veg over stølsvollen uaktuell og restaurering av terrenget er vanskeleg å få til på ein god måte.

VEDTAK:

Fjellstyret finn ikkje å kunne endre tidlegare vedtak.

Ein tilrår at festaren får frist ut 2003 med å stenge og å så til vegen. Det må leggjast på så mykje jord i vegbanen og skjeringane at vegetasjon vil kunne etabler seg på nytt.

Vedtaket er einstemmig.

Embrik Før deltok ikkje i behandling av saka.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Sissel Haugen og Gjermund Før, 2966 Slidre
Vestre Slidre kommune, LNT